

## Læreplan i foto og grafikk

Fastsatt som forskrift av Utdanningsdirektoratet 24. mars 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 fra Kunnskapsdepartementet med hjemmel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2021

## Om faga

### Fagrelevans og sentrale verdier

Foto og grafikk handlar om å utforske teknikkar, materiale og uttrykk i visuell kommunikasjon, og om korleis du tolkar og les den visuelle verda. Faget handlar vidare om å formidle innhald og meining gjennom fotografi, grafisk design og grafiske trykkjeteknikkar, og det skal gi elevane kompetanse til å produsere og tolke visuelle uttrykk i eit samfunn dominert av bilete. Vidare gir faget elevane kompetanse og erfaring i å arbeide utforskande og planmessig med både materiale og konsept for å bidra til idéskapande og kreative løysingar i samfunn og arbeidsliv.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnet for opplæringa. Foto og grafikk skal bidra til å fremje menneskeverd og forståing for andre sine perspektiv og livssyn, og inspirere elevane til fagleg fridom og eigne uttrykk. Visuelle ytringar og biletretorikk er ein vesentleg del av demokrati og medverknad, og medvit om desse mekanismane er ein del av faget. Kreative og kunstnarlege arbeidsprosessar kan bidra til kritisk refleksjon og biletsensitivitet, skaparglede og engasjement gjennom utforsking av tema kring natur- og miljømedvit.

### Kjerneelement

#### Skapande arbeid og visuelle verkemiddel

Kjerneelementet skapande arbeid og visuelle verkemiddel handlar om prosessen frå utvikling av idé og konsept gjennom skisser og estetiske tilnærmingar, til ferdig visuelt arbeid. Medvit om ulike teknikkar og verkemiddel, og det å knytte faglege grunngevingar til eige arbeid, står sentralt. Dette kjerneelementet handlar òg om dokumentasjon og formidling av eigen prosess og nytenking og idéutvikling gjennom kreative strategiar.☒

#### Teknikk, materialer og verktøy

Kjerneelementet teknikk, materiale og verktøy handlar om å utvikle handverk og tekniske ferdigheiter for å uttrykkje seg og eksperimentere analogt og digitalt i faget. Det inneber å utvikle tekniske ferdigheiter for uttrykk i ulike medium. I tillegg står innsikt i dei ulike moglegheitene, eigenskapane og avgrensingane til dei ulike materiala, saman med val av teknikk og produksjonsmåte, sentralt. Kjerneelementet handlar òg om å utvikle kjennskap til ulike verktøy og til dei tilhøyrande uttrykka deira.

## Foto og grafikk i kontekst

Kjerneelementet foto og grafikk i kontekst handlar om å leggje til rette for openheit og undring i møtet mellom publikum og grafiske bilete. Det inneber å utvikle kritisk sans gjennom å stille spørsmål rundt bilete og retorikk. Vidare handlar det om presentasjon og publisering av eigne uttrykk, ulike former for iscenesetjing og visuelle forteljingar og budskapar, analogt og digitalt.

## Tverrfaglege tema

### Folkehelse og livsmeistring

I foto og grafikk handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om å undersøkje identitet og eksistens i den kvardagen ein er ein del av. Vidare handlar det om å arbeide med å uttrykkje eigen identitet og utvikle meiningar, idear og kjensler. Det handlar òg om å problematisere den posisjonen bilete har i det private og det offentlege.

### Demokrati og medborgarskap

I foto og grafikk handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om kunnskap om ytringsfridom og om korleis bilete på eiga hand eller saman med tekst kan bidra til å fremje, problematisere og påverke aktuelle tema i samtida. Vidare inneber det å navigere blant ulike uttrykksformer og respektere usemje, der biletuttrykk er éin måte å sjå og forstå verda på.

### Berekraftig utvikling

I foto og grafikk handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om utforsking av og auka forståing av miljø- og samfunnsmessige problemstillingar gjennom visuelle ytringar. Det handlar òg om å være medviten om ressursbruk i eigen produksjon, og om å vurdere materiale, teknikkar og løysingar som ikkje skader miljøet.

## Grunnleggjande ferdigheiter

### Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i foto og grafikk inneber å lytte til og gi respons i spontan og førebudd samtale. Det inneber òg å bruke fagspråk i arbeid i verkstad og studio, og å bruke fagomgrep i samtalar, presentasjonar og diskusjonar om eige og andre sine arbeid

### Å kunne skrive

Å kunne skrive i foto og grafikk inneber å bruke fagspråk for å utforme arbeid tilpassa mottakar og formål. Det inneber òg å bruke skrift, teikn, bilete og

symbol i visuelle uttrykk. Vidare inneber det å utarbeide faglege tekstar for presentasjonar, og å bruke kjelder på ein kritisk måte.

### Å kunne lese

Å kunne lese i foto og grafikk inneber å tolke og reflektere over innhald, budskap og verkemiddel i visuelle uttrykk. Det handlar òg om å sjå samanhengar mellom idé og uttrykk.

### Å kunne rekne

Å kunne rekne i foto og grafikk inneber å tolke informasjon frå talmateriale, og å berekne proporsjonar og format i eigne arbeid, både under planlegging, arbeidsprosess og presentasjon.

### Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i foto og grafikk inneber å bruke digitale ressursar til å søkje etter, innhente og behandle biletuttrykk, og å skape ulike visuelle uttrykk gjennom digitale flater og verktøy. Det handlar òg om å vere medviten om reglar for opphavsrett og personvern i ein brukar- og delingskultur i digitale og sosiale medium.

## Kompetansemål og vurdering

### Kompetansemål og vurdering Foto og grafikk 1

#### Kompetansemål Foto og grafikk 1

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- eksperimentere analogt og digitalt med biletmediet i ulike verktøy, og reflektere over resultatet
- gjere greie for bruk av visuelle verkemiddel i arbeid med foto og grafikk og bruke det i eige uttrykk
- utforske ulike stilretningar og etniske kulturuttrykk, og bruke dette som inspirasjon for eige arbeid
- utforske korleis ulike kamerainnstillingar påverkar estetikken, og nytte dei som verkemiddel i visuell historieforteljing
- presentere og montere eigne og andre sine arbeid i fysiske og digitale utstillingsrom
- bruke ny og etablert teknologi og programvare i skapande prosessar
- utforske ulike biletsjangrar og bruke erfaringa til å kommunisere stemning, budskap og meining

- analysere komposisjon, skrift og layout i visuelle ytringar, og bruke dette i planlegging og utvikling av eige arbeid
- reflektere over reglar for kjeldebruk, opphavsrett og kreditering, og følgje desse i eige arbeid
- bruke materiale, verktøy og utstyr i tråd med retningslinjer for helse, miljø og sikkerheit

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i foto og grafikk 1. Elevane viser og utviklar kompetanse i faget når dei gjennom skapande prosessar arbeider med og formidlar eigne biletuttrykk. Vidare viser og utviklar elevane kompetanse når dei hentar inspirasjon frå kulturelle og samfunnsaktuelle kjelder og utforskar og vurderer medium og visuelle uttrykk.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom å utforme oppgåver som fremjar kreativitet, individuelt særpreg og skaparglede. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i foto og grafikk 1, og elevane skal få høve til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få høve til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over si eiga faglege utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetanse innanfor eit breitt spekter av kunnskap og ferdigheiter i arbeidet med foto og grafiske uttrykk.

## Standpunktavurdering

Standpunktavurderinga skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har ved avslutninga av opplæringa i foto og grafikk 1. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer utføring, forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i foto og grafikk 1 basert på kompetansen eleven har vist gjennom varierte praktiske og utforskande prosessar.

## Kompetansemål og vurdering Foto og grafikk 2

### Kompetansemål Foto og grafikk 2

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- fortelje ei historie analogt og digitalt gjennom å utforske potensialet i biletmediet og reflektere over resultatet
- utforske visuelle verkemiddel i arbeid med foto og grafiske uttrykk og reflektere over korleis verkemiddel er brukte

- eksperimentere med ulike fotografiske uttrykk i arbeid med visuell historieforteljning
- analysere arbeid frå ulike biletsjangrar, stilretningar og etniske grupper, og bruke element frå dette i eige arbeid
- eksperimentere med publisering og visningsrom i presentasjon av eige og andre sitt arbeid
- kombinere ulike teknologiar, programvarer og medium i utvikling av eige arbeid
- drøfte bruk av komposisjon, skrift og layout i visuelle ytringar og kommunisere stemning, ulike budskapar og meining ved hjelp av ulike verkemiddel
- gjere greie for lov om opphavsrett, åndsverkslova og etiske omsyn rundt personvern og følgje dei i eige arbeid
- følgje retningslinjer for helse, miljø og sikkerheit i arbeid med materiale, verktøy og utstyr

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i foto og grafikk 2. Elevane viser og utviklar kompetanse i faget når dei gjennom skapande praktiske prosessar utviklar og formidlar eigne tankar og idear i ulike biletuttrykk. Dei viser og utviklar òg kompetanse når dei bruker fagspråk og presenterer, reflekterer over, vurderer og utforskar uttrykk, meining, teknikkar og materiale. Vidare viser og utviklar elevane kompetanse når dei arbeider med og ser samanhengen mellom innhald, uttrykk og kontekst i kunst, medium og visuelle uttrykk, og når dei bruker kulturelle og samfunnsaktuelle kjelder i eige arbeid.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom å utforme varierte oppgåver som fremjar kreativitet, individuelt særpreg og skaparglede. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i foto og grafikk 2, og elevane skal få høve til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få høve til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over si eiga faglege utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetanse innanfor eit breitt spekter av kunnskap og ferdigheiter i arbeidet med foto og grafiske uttrykk.

## Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har ved avslutninga av opplæringa i foto og grafikk 2. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer utføring, forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i foto og grafikk 2 basert på kompetansen eleven har vist gjennom varierte, praktiske og skapande

prosessar og gjennom presentasjon og visuell formidling av egne arbeid av foto og grafiske uttrykk

## **Vurderingsordning**

### **Standpunktvurdering**

Foto og grafikk 1: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Foto og grafikk 2: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

### **Eksamen for elever**

Foto og grafikk 1: Eleven kan bli trekt ut til ein praktisk eksamen. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Eksamen skal ha førebuingsdel.

Foto og grafikk 2: Eleven kan bli trekt ut til ein praktisk eksamen. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Eksamen skal ha førebuingsdel.

### **Eksamen for privatistar**

Foto og grafikk 1: Privatisten skal opp til ein praktisk eksamen. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingsdel ved lokalt gitt eksamen.

Foto og grafikk 2: Privatisten skal opp til ein praktisk eksamen. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingsdel ved lokalt gitt eksamen.